

**Statsbudsjettet 2015 Kap 1429 Post 70 – Bevaringsprogram for  
bergkunst (BERG)**

Rapportering 2015

Hordaland fylkeskommune

## **Innleiing**

Hordaland fylkeskommune søkte ikkje om BERG-midlar frå Riksantikvaren for 2015, ettersom overførte midlar frå tidlegare år ga tilstrekkeleg grunnlag for vårt skjøtsels- og tilretteleggingsarbeid med bergkunstlokalitetane i Hordaland i 2015. Fylkeskonservatoren har halde fram det gode samarbeidet med Universitetsmuseet i Bergen. Utfordringa er som kjend frå tidlegare sesongar vår avgrensa tidsmessige kapasitet til gjennomføring av prosjekta.

## **Status 2015**

Det mest omfattande prosjektet vi er i gang med er arbeidet med interaktiv formidling av helleristningslokaliteten Mostraumen i Modalen kommune. Dette er eit prosjekt som blir følgt med stor interesse av leiinga ved Kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen. Det har blitt lagt opp til at prosjektet skal byggje mest mogleg på erfaringane frå fylkeskommunen sitt arbeid med «Rallarveg-appen», og i kva grad ein kan trekke vekslar på kunnskap og tenester som har blitt tilgjengeleg i samband med Kulturrådet sitt prosjekt «Kultur- og naturreiser» og den nasjonale digitale infrastrukturen «Norvegiana». I samarbeidet med Universitetsmuseet i Bergen og Modalen kommune, har ein difor no skipa ei prosjektgruppe som skal implementere kunnskapen Kultur- og idrettsavdelinga har etter utviklinga av «Rallarveg-appen». Som det gjekk fram av rapporten for 2014, så måtte ein få ei avklaring mellom heimelhavar og Modalen kommune knytt til kommunen sin plan for arealbruken i tilrettelegginga av Mostraumen. Kommuneplanen for Modalen som no opnar for meir formalisert, offentleg bruk og infrastruktur i området, blei vedteken 15. oktober. Prosjektgruppa for interaktiv formidling av helleristningslokaliteten Mostraumen har no utarbeida tilbodsskriv med kravspesifikasjon som skal sendast ut i byrjinga av desember.

Arbeidet med dei andre bergkunstlokalitetane med tilskot frå Riksantikvaren held fram. Desse lokalitetane er:

- Bruteigsteinen i Etne
- Helgaberget i Etne
- Håhaugsteinen i Ullensvang
- Vangdal i Kvam.

Saman med Universitetsmuseet i Bergen fekk vi satt av ei veke denne hausten til felles skjøtselsarbeid.

Bruteigsteinen har etter dei to siste åra med skjøtsel av bergflata blitt svært bra, der fjerning av mose, bruk av grønskefjernar og vasking med sprit har hatt god effekt. Tilrettelegging for tilkomst, inngjerding og skilt er også no på plass. Det er viktig å oppretthalde jamleg skjøtsel av bergflata for at ho ikkje igjen skal bli dekkja av lav og algevekst. Vi har difor i år også gjennomførte vask av berget med sprit. Vi tek sikte på å fortsette dette arbeidet på årleg basis.

Eit aspekt som i nær framtid vil kunne krevje ekstra skjøtselsinnsats, er at grastorva i sørvestre del av lokaliteten veks inn over bergflata. Dette fører til auka tilfang av lav og algar.

Helgaberget gror no meir og meir att med mose. Her tek ein sikte på å ta opp igjen rutinen med sesongvis tildekking av bergflata, med påfølgjande fjerning av daud mose, fjerning av algar og vask med sprit. Her står det også att arbeid med å få på plass ei god skiltløysing.

Håhaugsteinen ber preg av den skjemmande oppmalinga av figurane, noko som i høve Universitetsmuseet i Bergen viser seg vanskeleg å få fjerna. Ut over dette er det mest presserende arbeidet med Håhaugsteinen å få gjennomført skiltinga av lokaliteten. Dette arbeidet har vi ikkje rekt å få sett i gang enno.

Vangdal, felt I, har kome mykje tydlegare fram etter tidlegare års omfattande rydding og vegetasjonspleie, men i år blei vi merksame på grastorva har vase opp over nokre av figurane i øvre del av lokaliteten. Her vil det etterkvart bli naudsnyt med meir vegetasjonspleie. Elles er det viktig at fjerning av algar og vask av bergflata held fram. Felt II blei i år forsøkt vaska med sprit, men grunna farleg tilkomst må ein få sett av meir tid til denne lokaliteten, slik at ein kan få rigga til gode sikringar for å tryggje arbeidet. Bergflata er sterkt tilgrodd med algevekst, og det blir naudsnyt med jamleg fjerning av algar og vasking med sprit dei neste åra. Når det gjeld publikumsrampa, så let den til framleis å vere trygg, men vi har ikkje gjennomført noko grundig tilstandsvurdering. Inntil vidare kan den gjerast meir tenleg ved å fjerne glatt og sleip algevekst på plankeborda.

Vi har i haust også gjennomført skjøtselsarbeid på Bakke, felt I i Jondal. Etter fjordårets fjerning av gras og mose og vasking med algefjernar og sprit, viser det seg likevel naudsnyt å ta opp igjen rutinen med tildekking av bergflata. Bergflata blei difor i år vaska med sprit, og dekt til med presenning for vinteren. Det er her naudsnyt å halde fram med jamleg fjerning av mose og lav, vasking med algefjernar og sprit, samt sesongvis tildekking. På sikt er det også trond for utarbeidning av betre drenering av vassig nede ved vestre hjørne av helleristningsberget. Det blei også gjennomført skjøtselsarbeid på Duesteinen i Etne. Dette feltet er no svært tilgrodd av algevekst. Bergflata blei no vaska med sprit, men her må vi ta sikte på meir grundig fjerning av algar over dei neste to åra. Tilkommstrampa er også farleg sleip og glatt av ei tjukt lag med algar som må skrubbast bort. Når det gjeld kringliggjande vegetasjon, så blir den halde godt nede av grunneigaren sin forpaktar, men tilkomstvegen ned til lokaliteten let likevel til å gro att. I samband med ei rotvelte på gard nr. 54/8 på Ljonå i Ulvik, blei det oppdaga ein ny skålgrøplokalitet (Ljonå II id.180926). Her er det presserande trond for å sikre lokaliteten, ettersom den velta rota som tok med seg torva over gropristningane, også har rive opp store delar av marka rett nedanfor bergflata. Saman med Universitetsmuseet i Bergen, fekk vi no nennsamt fjerna trerota, og sytt for ei mellombels stabilisering av jordmassane inn mot berget. Tiltak knytt til vidare dokumentasjon, registrering av moglege forstyrra kontekstar i marka og ferdigstilling av skjøtsel, blir vurdert i samråd med Universitetsmuseet i Bergen.

## **Konklusjon**

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at overførte tilskotsmidlar frå Riksantikvaren gir økonomisk handlingsrom for vårt arbeid med skjøtsel og tilrettelegging av utvalde bergkunstlokalitetar i Hordaland. Som kjend frå tidlegare år, er utfordringa vår å få nytta tilstrekkelege dagsverk til dette viktige arbeidet. Inneverande år har vore sterkt prega av anna arkeologisk arbeid styrt av korte tidsfristar. Dette let også til å vere situasjonen for Universitetsmuseet i Bergen, noko som berre har gitt rom for korte tidsvindauge for våre samarbeidsprosjekt. Med troa på at vi klarer å nytte fleire dagsverk neste år, vil midlane frå tidlegare år vere tilstrekkeleg for å halde fram med dei igangsette prosjekta i 2016. Dette gjeld også dei oppdukkande behova for strakstiltak som erfaringsmessig blir meldt inn i løpet av året, eller som ein blir merksame på i samband med rundreise på bergkunstlokalitetane i fylket. Med disponering av dei overførte midlane, finn vi det difor ikkje naudsynt å søkje om ytterlegare BERG-midlar for 2016. Rekneskapsrapport for dei utførte tiltaka så langt ligg vedlagt.